

## Det kommunalt eigde hjorteviltkjøtet – er det eit aktivum eller er det berre stor kostnad? Kva ordning har du i din kommune?

Arve Aarhus, Skogkurs

Fallvilt og vilt felt utanom ordinær jakt, slik som hjortevilt felt etter skadefelling og liknande, høyrer til kommunen og verdien tilkjem det kommunale viltfondet, etter Viltlova § 48. Kostnadar med fallvilt og vilt felt utanom ordinær jakt vil naturleg også belastast viltfondet, sjølv om kommunen også har høve til å ta kostnaden mot andre



budsjettpostar. Det er ein fordel om handteringa gir overskot, til beste for viltforvaltninga i kommunen. Viltkjøt er attraktivt, så det burde vera mogleg å gå i pluss, men er kanskje ikkje alltid slik i praksis.

Fallvilt etter påkjørslar kan i nokre tilfelle også vera veg- eller baneeigar sitt ansvar å rydde opp i. Ofte er det i slike tilfelle lite som er omsetjeleg og mest forbunde med kostnadar, og opplevast til beste for kommunen at andre tek ansvaret. Men somme kommunar sel også teneste til vegansvarlig for fjerning av dødt vilt i vegbana, og har funne det mest

hensiktsmessig å løyse delt ansvar med slik ordning. Det forenkler prøveuttaking for sjukdommar eller andre praktiske sider i ein del tilfelle.

Ved ettersøk av skadd hjortevilt har ikkje kommunen ståande krav på å fjerne felt vilt frå fellingsstaden. Kommunen har høve til å la viltet liggje att, når det ikkje er fare for forureining eller ulempe der det ligg, og når det vil vera mest ressursvennlig handtering.

### Krav om mattilsynet sin kontroll

Det er krav om kontroll av hjorteviltkjøt som skal omsetjast til folkemat, med få unntak. For hjortevilt felt under ordinær jakt, kan kontrollen skje som såkalla feltkontroll utført av utdanna jeger for eige jaktlag. For fallvilt og vilt felt utanom ordinær jakt – kommunen sitt vilt - skal mattilsynet gjennomføre kontrollen før viltkjøt skal omsetjast.

Mattilsynet sin kontroll av hjorteviltkjøt skal skje på godkjente anlegg, enten på ein viltkontrollstad for hjortevilt, eller på eit av dei godkjende viltbehandlingsanlegga i Norge. Ordninga med godkjente viltkontrollstadar er under avvikling.

Kravet om kontroll gjeld også for vilt som er i kommunen si eige, og regelverket rundt omsetning av viltkjøt gjeld for sal til inntekt for kommunale viltfond, som for privat omsetning av viltkjøt.

Det er å merka seg at prisnivå ikkje betyr noko for om det blir sett på som omsetning eller ikkje. Kontrollkravet gjeld om kommunen gir kjøtt vekk gratis, og vil også gjelde dersom den som utfører jobben mottar kjøtt som motyting for arbeid.

Det er ikkje krav om kontroll av vilt som blir selt til andre føremål enn mat - dyrefor, åter eller liknande. Men det kan vera krav om at mottakar av slike produkt skal vera registrert hjå Mattilsynet, og kommunen må den som sel må sjå til at viltet ikkje er sjukt og representerer fare for smittespreiing.

Ved kommunalt sal av viltkjøtt skal det svarast mva av salssummen. Er det godkjent og selt som mat, er det redusert momssats. Er det selt som åte eller hundefor utan godkjenning så er det full sats som gjeld.

### **Har du god ordning for din kommune? Kva er lov, kva er hensiktsmessig og kva blir framtida?**

Mange kommunar har ordningar for handtering av kommunen sitt viltkjøtt gjennom å ha godkjente viltkontrollstadar. Enten ved at kommunen har godkjenning for viltkontrollstad i eigen regi eller avtale med andre som har slik godkjenning. Merk at ordninga, etter høyring hausten 2019, er bestemt avvikla. Det er så langt ikkje sett dato for sluttstrek. Men har du slik ordning for din kommune så treng du å sjå på alternativ, slik at du har dette klart til avviklingsdatoen kjem.

Viltbehandlingsanlegg kan ta inn viltkjøtt frå kommunar til kontroll og godkjenning. Oftast har kommunar avtale med anlegget om mottak og kjøp av skrottar frå kommunen. Dette er ofte greie ordningar, einaste problemet er at det ofte er langt mellom viltbehandlingsanlegga, og at det då kan bli kostbart.

Somme kommunar nyttar ordning der ein avtalar med aktuelle vald å ta mot kommunalt hjortevilt mot fråtrekk i valdet sin gitte kvote. For kommunen så er gevinsten naturlegvis at dei slepp frå krav om mattilsynet sin kontroll fordi det ikkje er rekna som omsetning når det går mot fråtrekk i kvote. Slik ordning kan dermed vera eit av svært få ørsmå unntak i høve til kontrollplikta. Ordninga gir ingen inntekt til viltfondet, men medfører heller ingen kostnad, og gir enkel administrasjon. Men merk at valdet som mottar viltkjøttet vil ha same krav om kontroll før sal av kjøtt vidare, og at eigengodkjenninga i feltkontroll ikkje er gjeldande fordi det ikkje er ordinær jaktutøving. Merk også at kommunen ikkje kan krevje slike avtalar, dei må vera frivillige, og at dyra skal

rapporterast som fallvilt.



Ein er også kjent med kommunar som har avtale med eksterne fallviltgrupper for gjennomføringa av ettersøk, har lagt inn i avtalen at fallviltgruppa får godtgjort for arbeidet

med å overta det kommunale viltkjøtet. Det er å merke seg at slike avtalar fort kan vera på feil side av fleire regelverk, og at slike ordningar kan vera krevjande for kommunen å stå i på god måte.

Fleire kommunar melder at dei ikkje har høve for omsetnad av hjorteviltkjøt, fordi kostnadane er for store. Alternativet er då destruksjon. Merk at det også for destruksjon er reglar for korleis dette kan skje. Fleire kommunar har funne at å betale for destruksjon hos Norsk Protein er einaste robuste og hensiktsmessige ordning. Nokre finn også at ein i enkelttilfelle kan gjera nytte av fallvilt til åter eller dyrefor, dersom det ikkje er mistanke om at dyret hadde sjukdom.

Ulike ordningar kan vera gode eller mindre gode. For kommunen er det viktig å finne ordningar ein kan stå inne for og som er i tråd med reglar som gjeld. Er du i tvil så drøft dette gjerne med Mattilsynet i din region. Hugs at omsetning gjeld alle former for oppgjer, slik at det meste er omsetnad og kjem under kontrollkravet. Hugs også at du som kommune i tillegg til mattryggleik og kontrollordning for viltkjøt i dette, fort også vil komme bort i reglar for mva, skatt, arbeidsgjevaravgift og reglar for handtering av animalske bi-produkt/avfall, og at ordninga også må vera god i høve til slike reglar.

### **Korleis sørge for at det blir mest mulig aktivum for viltfondet?**

Utgangspunktet for at fallvilt og vilt felt utanom jakttida høyrer til kommunen, er at det skal vera eit aktivum for viltforvaltninga med at det gir tilskot til viltfondet. Det er derfor naturleg å ha ordningar for kommunal handtering fører til positivt bidrag til viltfondet i form av overskot. Av og til vil det vera mest hensiktsmessig å handtere det kommunale viltet som avfall, fordi ordningar med godkjenning og omsetnad blir for kostbare. Det er ikkje eit krav at kommunane skal omsetje hjorteviltkjøt. Det er berre eit høve dersom det er hensiktsmessig og ressursvennlig å gjera det.

Det er også slik at det kommunale hjorteviltet ikkje alltid er likt. Av og til er det ein vomskoten ulovlig felt kalv, andre gonger eit ungdyr som er blodsprengt etter breisidetreff av bil i trafikken, kanskje med ein ytrefilet eller to intakt. Andre gonger er det ein skadefelt hjortebukk sist i august, med god treff, feit og fin og prima vare. Å prøve å få to kilo mat ut av 200 kilo avfall er like kostbart som det kanskje er å dumpe ein 150 kilos bukk fordi ein ikkje hadde ordning for mottak på godkjent anlegg.

Størst sjanse for at det blir mest til hensikta oppnår ein når anledningane er fleire, og vurderinga skjer i kvart enkelt tilfelle.

### **Meir oversikt over regelverk som regulerer temaet finn ein også i :**

Viltlova og forskrifter med rettleiarar	<a href="http://www.miljodirektoratet.no">www.miljodirektoratet.no</a>
Forskrift om kommunale viltfond	<a href="http://www.lovdatabasen.no">www.lovdatabasen.no</a>
Animaliebioproduktforskrifta med rettleiar	<a href="http://www.mattilsynet.no">www.mattilsynet.no</a>
Animaliehygieneforskrifta	<a href="http://www.mattilsynet.no">www.mattilsynet.no</a>
Bransjestandard for feltkontroll av hjorteviltkjøt	<a href="http://www.skogkurs.no">www.skogkurs.no</a>
Faghefte Ettersøk av skadet hjortevilt	<a href="http://www.skogkurs.no">www.skogkurs.no</a>

